



Hol, Ål, Nes, Gol, Flå, Hemsedal

Referat

Lokalt samarbeidsutvalg (LSU-Hall)

Vestre Viken HF og kommunene i Hallingdal

Arbeidssted	Navn	Tilstede/Ikke tilstede
Hol kommune	Jan Olav Helling	T / IT
Ål kommune	Karsten Dideriksen	T
Gol kommune	Aud Torill Sæbø	IT
Hemsedal kommune	Borghild Moen	T
Nes kommune	Randi Karin Rustand	IT
Flå kommune	Siw Merethe Glesne	T
Hallinghelse	Øystein Lappégard, <i>sekr</i>	T
Repr. for fastlegene	Robert Tunestveit	T
Praksiskonsulent	Pål Steiran	IT
Vestre Viken HF	Sissel Urke	T
Vestre Viken HF	Oddmund Nestegard	T
Vestre Viken HF	Kent Håpnes	IT
Vestre Viken HF	Ingeborg H Rinnaas	T
Vestre Viken HF	Reidar Aasheim, <i>leder</i>	T
Repr. FFO- busk	Ida Marie Holen	T
Repr. VVHF - Brukerutvalg	Rune Hansen Gunnerød	T
Arbeidstakerrepresentant	Arvid Groven	IT
Arbeidstakerrepresentant	Hege Svensgård	T
Deltaking på deler av møtet	FFO Buskerud, Reidar Lauritsen Koordinator for KLM i Hallinghelse, Gunhild Hustad	
Kopi:	Kari Engen Sørensen, Christine Furuholmen, Kirsten Hørte, Per S Bleikelia	

Sted: Ål, kommune, Kommunestyresalen

Tid: Fredag 24. februar 2017 Kl. 12.00 – 15.00.

Sak nr. 1/17 Godkjenning av innkalling

Vedtak: Innkalling godkjent.
Hege Svensgård, plasstillitsvald for NSF ved HSS, går inn som fast arbeidstakarrepresentant for Vestre Viken.

Sak nr. 2/17 Godkjenning av referat fra møte 9. des. 2016

Vedtak: Referat godkjent.
Merknad: Møtet var på Gol kommunehus, ikkje Hallingdal sjukestugu.

Sak nr. 3/17 Brukarmedvirkning i Hallingdal v/ Reidar Lauritsen, FFO Buskerud

Vedtak:

1. LSU tek orienteringa til etterretning.
2. LSU er positiv til tanken om eit interkommunalt brukerforum i Hallingdal.
3. LSU merkar seg at FFO Buskerud tilbyr gratis kurs i likemannsarbeid / brukarmedverknad.



Hol, Ål, Nes, Gol, Flå, Hemsedal

Sak nr. 4/17 Læring og mestring i Hallingdal v/ koord. for kompetanse, læring og mestring i Hallinghelse, Gunhild Hustad

Gunhild orienterte om status i Hallingdal og erfaringar frå det nasjonale kompetansesenteret og frå lærings- og mestringssenteret i Sandefjord. Hallinghelse har søkt om prosjektmidlar for ein koordinator for fritidstilbod på tvers av kommunane og med ei nettside for å legge ut ulike tilbod.

I samtalen etter innlegget vart det understreka kor viktig samarbeidet med Vestre Viken er, at det er naturleg å bygge opp ein base i samarbeid med Ringerike ved HSS, at tilboda må byggast opp på tvers av kommunar og på tvers av diagnosar, og at samarbeidet med brukarorganisasjonane og frivilligsentralane er viktig.

Vedtak: LSU tek orienteringa til etterretning.

Sak nr. 5/17 Handlingsplan 2017

Framlegget frå AU-LSU vart drøfta. Det kom ei rekke framlegg til endringar som er innarbeidd i ein revidert versjon av Handlingsplan 2017. Denne er vedlagt.

Vedtak: Revidert utgave av handlingsplan for 2017 er vedteken.

Sak nr. 6/17 Innovativ rehabilitering i Hallingdal v/ samhandlingsleiar Øystein Lappegard

Saka vart teke før sak 5 i møtet. Øystein orienterte om det førebuande arbeidet for ein prosjektsøknad til Fylkesmannen om Innovativ rehabilitering i Hallingdal. Ein viser til vedlagte PP-presentasjon.

I samtalen etterpå vart det gjeve tilslutning til arbeidet. Det vart understreka at psykisk helse og rus måtte takast inn i arbeidet med prosjektsøknaden. Ein må også sjå samanhangen med det arbeidet som vert gjort rundt tilgjengelegheit på hjelpemiddel.

Vedtak: LSU stiller seg bak arbeidet med Prosjekt innovativ rehabilitering i Hallingdal.

Sak nr. 7/17 Orientering – status drift Intermediæravdeling

Orientering avd. sjef Oddmund Nestegard:

- Alt i alt: Bruken av avdelinga byrjar å sette seg.



Hol, Ål, Nes, Gol, Flå, Hemsedal

- 10 spes.h.tj-plasser godt brukt, tyngre pas enn før, radiologi og labtenester gir større diagnostiske mogelegheiter, liggetid kryp nedover
- 10 kommunale plassar varierende beleggspersent. KAD rimeleg bra, diagnostisk sløyfe er innarbeida.
- 7 komm. plasser – rehabilitering burde vore betre utnytta, avdelinga har ubrukt kompetanse. Avdelinga ønskjer å bli meir proaktive.
- Ein tredje lege er ennå ikkje på plass. To legar er for lite. Vikar frå 1. mars.
- Økonomi så noyenlunde i balanse. Vanskeleg å få gjort endringar i store datasystem for rapportering.

Kommunalsjef Karsten Dideriksen:

- Beleggspersent i januar var katastrofalt lav. Dersom dette gjentar seg i februar, må kommunane revurdere strukturen.
- Utfordring 1: Legane sin bruk av KAD
- Utfordring 2: Omsorgstenesta sin bruk av kommunale plasser ved HSS, opplever stadig at kommunane tar pasientar tilbake trass fagleg råd om fortsatt opphald.
- Utfordring 3: Kunnskapen om HSS blant legane på RS er for liten.

Sak nr. 8/17

Orientering – kommunane og Hallinghelse

Hemsedal	Planlegg større utbyggingar innan helse og omsorg
Flå	Intet nytt
Ål	Ny korttidsavdeling tatt i bruk. Fullt belegg.
Hallinghelse	Ser konturane av at Hallinghelse i større grad vert ein paraplyorganisasjon som omfattar ulike utviklingsprosjekt.

Sak nr. 9/17

Orientering – Vestre Viken HF

Seksjonsleder Sissel Urke:

- Ringerike BUP strevar med spesialistdekning, dette går også utover Hallingdal. Få tilsette i Hallingdal gir eit sårbart miljø. Ein 5'te stilling dekkja frå 1/9-17.
- Forståelse for dei spesielle utfordringane som ligg i å vera ein utkantpoliklinikk og dekke eit større antall kommunar.

Avd.sjef Oddmund Nestegard:

- CT ein suksess, meir elektive undersøkersar. Målsetting om 1000 u.s. i 2017, 90 % med kontrast. Utfordring med ø.hj utanfor vanleg dagtid.
- Begynner å få kontroll med ventelistene, også innan gastro.
- Legemiddelsamstemming er ei stor utfordring.

Sak nr. 10/17

Orientering – Brukarorganisasjonane

Brukarrepresentantane hadde hatt eit nyttig møte før LSU med leiar FFO Buskerud og med koordinator for kompetanse, læring og meistring, Hallinghelse.



Hol, Ål, Nes, Gol, Flå, Hemsedal

Sak nr. 11/17 Orientering - OSU

Det vart referert frå referatet til siste møte i OSU. Dette var også utsendt til alle før møtet. Ingen spørsmål eller merknader.

Sak nr. 12/17 Rekruttering av allmennlegar til Hallingdal

Eventuellsak meldt inn av Robert Tunestveit.

Frå 1. mars er det krav om at allmennlegar i kommunehelsetenesta / fastlegar skal vera spesialister i allmenntmedisin eller under spesialisering. Spesialiseringa krev eitt år på sjukehus. For legar i distrikt som i Hallingdal, er det ei utfordring å reise frå etablert praksis / familie for å få sjukehusteneste. Det er stor frustrasjon blant legar i Hallingdal over dei nye reglane. Det er registrert at 8 legar i Hallingdal manglar slik teneste pr. i dag. Dette er ei utfordring både for å halde på legar og rekruttere nye legar. På sikt er dette også ei utfordring for HSS som alltid har rekruttert sine legar frå allmenntlegekorpset i Hallingdal.

Det er viktig å kunne tilby sjukehusteneste både på psykiatrisk seksjon og på somatisk avdeling på HSS, målsetting inntil 6 mnd begge stader.

Kommunane oppmodar VVHF om

- 1) Å sikre at allmennlegar får godkjent teneste ved somatisk avdeling og psykiatrisk seksjon på HSS som sjukehusteneste i spesialistutdanninga til allmenntmedisin.
- 2) Å innarbeide utdanningsstilling for allmenntlege ved HSS frå 1. jan 2018

NESTE MØTE: Fredag 09.06.17

Ref: Øystein Lappegard

Vedlegg: Revidert årsplan
PP-presentasjon Innovativ rehabilitering i Hallingdal.